



Koret under den siste øvinga i Helgheim, som no er den faste basen

Snart får også kvinneringane høyra røysterrettsongen som vi har skreve mykje om i det siste og som i helga som var vart sunge i rådhuset i Haugesund. Røysterrett for alle skal naturleg nok framføre den i jubileumskonserten på Husnes 20. oktober då det dyktige koret markerar dei fyrste 25 åra sine. Blant gjestene er Strupebandet frå Halsnøy som også har mykje originalt og spennande å lokka med,

Under jubileumskonserten får ein høyra fleire songar som er laga av paret Svein Rimestad (tekst) og Maria Malmsten (melodi) og uskedalen.no har kjennskap til at dei også har laga ein vakker julesang. Den vil imidlertid og logisk nok ikkje verta urframført før i kyrkja under julekonserten.

Melodiar av Per Indrehus til ymse dikt og songar frå musikalen Spelemann på taket er nokre døme som eit allsidig jubileumsrepertoar vil innehalda og vi får sikkert høyra nokre songar frå dirigenten sitt heimland også denne gongen?

Leiar Haldor Tveit kan slå fast at koret har ein svært stabil stab av medlemmer, men seier ikkje nei takk til nokre fleire mannrøyster. Heldigvis kjem det stadig nye til koret, til dømes 2 etter siste nyttår.

Tekst og foto:
Ola Matti Mathisen



Fleire menn er ynskjeleg, men her står (frå venstre) Kåre Vetthus, Jan Ove Olsen, Haldor Tveit og Svein Rimestad